

## Referat frå SMU-møte (skulemiljø-utvalet) Engelsvoll skule

**Tid:** 18.09.23

**Stad:** Rom 7, Engelsvoll skule

### Deltakarar:

Siril Stakland Svela, elevrepresentant

Sol Linea Nielsen, elevrådsrepresentant

Anne Bjørg Moi Gjøn, lærar-forfall

Brit Turid Nesse, (for Anne Bjørg)

Karoline O.F. Barka, andre tilsette i skulen-forfall

Heidi Martby-Skogsholm, FAU-representant skule

Ragnvald Borsheim, FAU-representant skule (for Benedicte Reime)

Kjersti Olimb Salte, kommunerepresentant

Linda Refvik - rektor

| Saksnr. | Sak  |
|---------|--|
| 1/23-24 | <b>Godkjenning av innkalling og sakliste:</b><br>Ingen merknader   |
| 2/23-24 | <b>Opplæringslova kap. 9a</b><br><br>Saker på systemnivå og enkeltelevar: pr. dags dato har vi 5 aktivitetsplanar. 2 på system og 3 på elevar.<br><br><u>Mobbeknappen:</u><br>På heimesida har vi ein mobbknapp. Vi må bygge ned frykta for denne knappen. Vi oppmodar foreldre til å bruke denne når dei opplever at barnet uttrykkjer at han/ho ikkje har det trygt på skulen. Det som skjer er at rektor får ein mail med info om kven som tek kontakt og kva saka gjeld.<br><br><u>Klassetrivsel/Spekter:</u> Fleire gongar i løpet av skuleåret gjer vi kartleggingar av trivselen og det sosiale samspelet på stega. Her nyttar vi klassetrivsel og Spekter som verktøy. |
| 3/23-24 | <b>Engelsvoll skule si handlingsplan for trygt, godt og inkluderande skulemiljø</b><br>Er under revidering. Ligger på heimesida  |
| 4/23-24 | <b>Verktøy ein tar i bruk for å undersøkje og evt. sette inn eigna og gode tiltak:</b><br>Monitorering: Etter samtaler med elev og evt. involverte gjennomfører vi ei monitorering i Forms i 2 veker. Der skal dei vaksne skrive inn hendingar som har oppstått, når, kven som var involvert osv. Ein skal og føre inn kva eleven sjølv har  |

|         |   |
|---------|---|
|         | <p>gjeve uttrykk for. Vi gjer ei analyse av den infoen som er komen inn. I nokre tilfeller ser vi at det er grunnlag for ei aktivitetsplan. Nokre gongar er det ikkje behov for aktivitetplan.</p> <p><u>Plan B- samtalar med elevane:</u> eit verktøy som skal hjelpe oss til å ha gode strukturerte samtalar med elevane. Der er for eksempel forslag til spørsmål. Denne vert nytta for å ivareta barnestemma.</p> <p><u>Pedagogisk analyse:</u> Gjennom analysar på steget finn vi ut kva som kan vere oppretthaldande faktorar i læringsmiljøet som kan gjere det uttrykt for elevar. Vidare skal ein bli einige om egna tiltak. I dei pedagogiske analysane vi har gjort, har vi fått god hjelp av PPT.</p> <p>Aktivitetsplan med tiltak og evalueringar. Desse vert utarbeida i samråd med foreldre og eleven.</p> |
| 5/23-24 | <p><b>Foreldreundersøking:</b></p> <p>Det er frivillig for skulane om dei vil gjennomføre denne. Vi ynskjer å gjennomføre denne. Vi vil drøfte i FAU korleis vi skal gjennomføre den for å få høg svarprosent. Du kan lese meir om undersøkinga her:<br/> <a href="https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/foreldreundersokelsen/">https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/foreldreundersokelsen/</a></p>   |
| 6/23-24 | <p><b>Elevundersøking</b></p> <p>Tidspunkt for gjennomføring er 6.nov. -8. des.</p> <p>Vi vil ha dei same prosessane som i fjor, der vi involverer både 7. stegselevane, elevrådet, FAU og lærarar i for- og etterarbeid.</p> <p><b>Eventuelt:</b></p> <p><u>Tilbakemelding frå elevrådet:</u></p> <p>Dei opplever at dei har meir å gjere i friminutta/fleire aktivitetar. Dei opplever at det alltid er ein vaksne i nærleiken, dersom dei treng hjelp og støtte.</p> <p>Dei høyrer at elevane har det betre.</p> <p>Opplever ei positiv endring, samanlikna med sist skuleår.</p> <p>Mange vaksne ute å få hjelp av.</p>   |